



REFERAT FRÅ MØTE I SKULEMILJØUTVALET 10.04.19

Til stades;

Anita Langøy- Jørgenvik	forelder, SU/SMU- leiar
Siri Øksnes	forelder, FAU-leiar
Siri Vatile Waage	sekretær v/LUS
Anne Britt Svendsen	Lærer v/ LUS, inspektør og sosiallærer
Markus Wentzel Nordgård	Miljøterapeut v/LUS og elevrådslærer
Jonas Pedersen	Elev i 10. representant i elevrådet
Ragnhild Kolås	Elev i 9. representant i elevrådet
Olav M. Steinsland	Lindås kommune, politisk vald
Henriette Rolland	rektor og nestleiar SU/SMU

Emil Frotjold elev i 10. elevrådsleiar og Åsne Vakt skjold elev i 10. nestleiar i elevrådet møtte ikkje.

Sakliste:

Sak 5-18/19 Godkjenning av innkalling og referat, ingen merknader.

Sak 6-18/19

- nytt frå FAU ;
 - Jobbar med ungdomsmiljøet, foreldre går natteravn kvar fredag og laurdag. Varierende antall ungdommar ute. Natteravnane har oppmøte i det gamle Taxi-lokale i Lindås senter. Natteravnane vert godt tatt imot, mykje kjekk ungdom ute.
 - har arrangert barnedisko for 1-4.kl i Lindås hallen. Denne gongen var det 10.kl som var vertskap. Mykje skryt til 10. klasse, vel blåst ☺ ...berre litt klage på dårleg vasking.
- Nytt frå SKULEN;
 - Ein del elevane ved skulen har våre med på nokre ulovligheiter, i den samanheng er det oppretta nokre kjernegrupper der bla Cato Hjørnevik frå politiet , eleven, foreldre , kontaktlærer og rektor mfl er med. Har tru på ein positiv effekt av dette.



- Deling av bilder på nett. – kva er lov ..Samling i gymsalen der Politiet informerte om denne problemstillinga for elevane. Det blei også holdt informasjonsmøte/foredrag for foreldre på kvelden.
- 19.mars blei det arrangert skidag for elevane. Eikedalen og Furudalen i eit nydelig vær ☺ -få elevar igjen på skulen.
- 25.april var det alternativ OD-dag ved skulen og pengane går i år til Kreftforeningen.
- Veke 18 reiser 10.kl og 9.klasse til Lingalaks på Radøy.
- Opptur 2019, -Nordhordland Turlag invitere med alle åttandeklassingar i vår region onsdag 8.mai!
-
- Skulen har kjøpt ny dispenser til drikkevatn. Betre å eiga enn å leiga ☺!
-
- Aktivitesrommet ved skulen er opna og heldt ope 3 «storefri» i veka. Til hausten er det meininga å utvida opningstida til fleire dagar.
- Eksamenstid på skulen: 1. eksamen kan evt bli 16.mai . 5.juni er det munnleg eksamen.
- Open hall kvar tysdag rett etter skulen, -frå kl.14:30
- Fotballaget Brann kjem på besøk til skulen 6.juni ifm MOT.
- Kantina ved skulen opplever ein del «svinn». Det blir tatt varer frå trallene som TINE leverer, før dei er kjem inn i kantina. Det har også til tider mangla ein god del klipp. Haldningane må endras og kantinevaker må følgja betre med og hjelpa til med «tellinga» Elevane ønskjer nye varer i kantina, dette er ikkje aktuelt før ein har fått orden på «svinn og tellinga»
- Gutedoen er stadig utsett for hærverk. Etter opprydding er det no på`an igjen. Ofte vakter innom !
- Elevar på 9. trinn spør om det er noko form for beredskap ved ei evt skuleskyting. Rektor seier at Politiet har fått full oversikt over skulen, men ingenting ut over det. Det er gode videosnutter på nett om «eigen oppførsel» i slike tilfeller. Mange elevar er redde for eit slikt senario.
- Etter påske vert det starta opp med ungdomsklubb for ungdomsskule-elevar i Lindåshallen, 1 – 2 dagar i veka.



Henriette går av med pensjon frå hausten 19. Guri Espe er tilsett som ny rektor ved LUS.

- Elevrådet;
 - Sak 7-18/19 Endring av punkt 10 i åtferdsreglementet, korleis har dette gått?
 - No er det mobilforbud i skuletida. Mobilane blir levert, lagt i mobilskap når elevane kjem på skulen og dei ligg der til skulen er ferdig. Dei får kun bruka mobilane ifm undervisning om det er behov.
 - Ein ting som har endra seg er at no sitt ordenseleven ofte vakt aleine i klasserommet fordi alle elevane er ute. Då må eleven henta ein lærar som kan låse av klasserommet.
 - Nye headsett på tårnrommet, mange er defekt.
 - Ønskjer parkering av mopeder og lettsykler innafor bommen.
 - Markus + to elever skal prøva å få til noko sosialt på 10. trinn, ein kveld eller ein skuledag!
 - Prøva å få til noko for 9.trinn ein kveld (Markus og Ragnhild)
 - Koffeinfri skule betyr også at lærarar ikkje skal ha kaffikoppen med seg inn i timane!

- Info. Lindås kommune v/Olav Steinsland;
 - Mange lærarar får etterutdanning i Lindås kommune.
 - jentene går ut av 10.kl med fleire poeng enn gutane.
 - Seim gard er ikkje lengre eit alternativ til undervisning og Træland gard blir for dyrt for kommunen.
 - I Knarvik flytter elevar og lærarar inn i ein ny stor flott barneskule.
 - Lindås har ingen kommuneplan med seg inn i Alver kommune
 - Ressursane ved skulen blir mindre for kvart år, men i år er det spesielt. Dette gjer det vanskelig å fordela når det er mange som treng ekstra ressurser. -Olav Steinsland vil ha meir informasjon om denne saka og ta det med seg tilbake til kommunen.

HA EIN STRÅLANDE FIN DAG ☺ !!

Siri V Waage
Skrivar

